

Vedlegg 4a

Statsbudsjettet 2009 - Årsrapport frå fylkeskommunane om bruken av verkemidla frå KRD

1 Den beskrivande delen

Vi ber om at fylkeskommunane sender departementet ein beskrivande rapport på inntil 5 sider totalt, med ca. to sider på kvart av punkta a. og b. nedanfor og inntil ei side på punkt c.

Dei beskrivande årsrapportane vert betre for kvart år. I tilbakemeldingane til fylkeskommunane på rapporten for 2007 er det til kvart fylke presisert kva som må forbeholdast. Frå og med 2007 bad KRD om at det skulle rapporterast felles for kap. 551 postane 60 og 61. Dette var det berre eit fåtal av fylka som hadde gjort dette.

KRD håper de enkelte fylkeskommunar arbeider for å verte betre i kommande årsrapporteringar.

a. Bruken av verkemidla frå KRD i høve til utfordringane og mål og strategiar for utvikling i fylket

Kort om

- Hovudprioriteringar for bruken av verkemidla frå KRD i rapporteringsåret i høve til utfordringar, mål og strategiar for utvikling i fylket nedfelt i fylkeskommunen sitt eige planverk.
- Vurdering av prioriteringane i høve til omstillingsutfordringar i ulike deler av fylket (byområdar og periferiområdar) og for spesielle målgrupper.
- Innhaldet i føringar frå fylkeskommunane til Innovasjon Noreg, kommunale og regionale næringsfond, Landsdelsutvalget for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag osv.

b. Innhald i viktige aktivitetar

Kort om

- Hovudinnhaldet i aktivitetane med størst omfang eller tyding i forhold til hovudtypar av tiltak jf. Rapp. 551.60.
- Presentasjon av eksemplar på prosjekter (interessante, vellukka eller nyleg evaluerte) som er heil- eller delfinansiert over 13.50, her under samarbeid med andre aktørar. For at vi betre skal kunne presentere disse einsarta, ber vi om at eksemplar i rapporteringa inkluderer omtale av følgjande stikkord:
 - Namn på prosjektet/tiltaket
 - Mål for prosjektet/tiltaket
 - Strategi/metode vald for å nå måla

- Geografisk nedslagsfelt/avgrensing
 - Målgruppe(r) for prosjektet/tiltaket
 - Finansiering
 - Resultat/læring og status p.t.
- Fylkesoverskridande prosjekter.
 Så og si frå alle fylkeskommunane er det rapportert at dei har prosjekt som involverar fleire fylker. Ved gjennomlesing av rapportane for 2007 er det likevel vanskelig å sjå at det er same prosjektet som er omtala. KRD ber difor om at fylkeskommunane samarbeider når det gjeld rapport om dei fylkesoverskridande prosjekta.
- Avslutta prosjekter.
 Mange prosjekter går over fleire år. I og med at det i avslutningsåret oftast ikkje vert tildelt midlar, er det sjeldan gjeve sluttrapportering for konkrete prosjekt/satsingsområder. KRD ber om at fylkeskommunane tilfører KRD og Kompetansesenteret for distriktsutvikling sluttresultata frå prosjekt som kan ha overføringsverdi. Dette kan gjerast i den årlege rapporten i det året prosjektet avsluttes eller i eige brev.

c. Partnerskap og samarbeid

Kort om:

- Utvikling i partnerskapsarbeidet knytt til prioriteringar av midlar over kap. 551, post 60.
- Talet på samarbeidsprosjekt, inkludert samfinansiering, med SIVA, Forskringsrådet og Innovasjon Noreg knytt til ulike typar nasjonalt finansierte program
- Talet på samarbeidsprosjekt med regionale statlege aktørar.